



Multiconsult
Regimentsvegen 158
5700 VOSS

Vedtaksbrev

Dykkar ref.

Vår ref.
19/901-5/GBNR - 45/50, FA - L13,
KOM - 1259, PLANID - 20190002/1435

Stad/Dato:
24.05.2019

Gnr/bnr 45/50 m.fl. Kollsnes industriområde - vedtak om oppstart av reguleringsarbeid

Den ovannemnde saka er behandla med følgjande vedtak:

Utval for Drift og Samfunnsutvikling (UDS) 14.05.2019 - saksnr. 057/19:

Utval for drift og samfunnsutvikling har vurdert Multiconsult sin søknad om å starte opp reguleringsendring for Kollsnes industriområde, på vegne av Equinor. Utvalet har og vurdert ny plangrense for reguleringsplanen.

Utvalet slutter seg til planavgrensinga og godkjenner søknad om oppstart. Varsling av oppstart av planarbeidet kan skje i tråd med § 12-8 i plan- og bygningslova.

Ved vedtak av ny plan (planID 20190002) skal følgjande reguleringsplanar opphevast:

- Reguleringsplan for Kollsnes industriområde, planID 19910001.
- Reguleringsplan for gasskraftverk, planID 19970002.

Les heile saka under.

Med helsing

Sven Selås Kallevik
arealplanlegger



Sakspapir

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Utval for Drift og Samfunnsutvikling (UDS)	14.05.2019	057/19

Arkiv: GBNR - 45/50, FA - L13, KOM - 1259,
PLANID - 20190002

Arkivsaknr: 19/901 - 4

Sakshandsamar: Sven Selås Kallevik

Gnr/bnr 45/50 m.fl. Kollsnes industriområde - søknad om oppstart av reguleringsendring

Kort om saka:

Multiconsult har på vegne av Equinor søkt om godkjenning for oppstart av reguleringsendring for Kollsnes industriområde (planID 19910001). Søknad om oppstart av reguleringsendring er motteke den 26.04.19.

Reguleringsarbeidet har som mål å inkorporere alle endringer i Kollsnes industriområde som er gjort gjennom enkeltvedtak i kommunestyre og utval i Øygarden kommune. Dette gjeld og tiltak som er godkjende etter anna lovverk, t.d. energilova og petroleumslova. Sentralt i prosessen vil og vere å oppdatere planverket etter ny plan- og bygningslov (2008) og føringar frå kommune, fylke og stat. Oppstartsmøte vart halde med tiltakshavar og plankonsulent den 13.03.2019.

Dokument vedlagt saka:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
07.05.2019	Gnr/bnr 45/50 søknad om oppstartsløyve for revidering av reguleringsplan for Kollsnes	99595
07.05.2019	Kart / varslingsrense-A1 Kollsnes	99596
06.05.2019	20190002-Oppstartsmøte_130319	99536

Aktuelle lover, føresegner, avtalar, planar:

Plan- og bygningslova

Statlege rettingsliner

Regionale planar

Kommuneplan for Øygarden kommune (2014-2022)

Reguleringsplan for Kollsnes industriområde (planID 19910001)

Energilova

Saksopplysningar:

Reguleringsplanen vil oppdaterast etter nytt lovverk. Større del av eksisterande plan (planID 19910001) skal opphevast. Store deler av eldre plan er allereie overstyrt av nyare reguleringsplanar og kommuneplanen (2014). For industriområde (I2 i planID 19910001) er det krav til detaljregulering i gjeldande plan – dette vil bli tilsvarande når området vil verte styrt av kommuneplanen sin arealdel. Sjå vedlagt søknadsbrev for utdjupande informasjon om konsekvensane av skissert planprosess.

Alle vedtak i kommunestyre og utval som skal innarbeidast er lista opp i vedlagt søknadsbrev og under. Det har over tid vore intensjonen at dessa skulle innarbeidast i ein ny og revidert reguleringsplan. Ein prosess starta opp for nokre år sidan, men blei av ulike grunnar satt på vent. Dette arbeidet skal no takast opp igjen.

Vedtaka som er fatta i kommunestyret (KS), Faste utval for plansaker (FUP), Hovudutval for Bygg- og anlegg (HBA):


- KS sak 136/94 – Godkjenning av reguleringsplan for kondensatledning Kollsnes – Sture
- Det skal som fylgje av godkjend reguleringsplan visast ei faresone langs kondensatledningen. Faresona skal ha ei samla breidd på 12 meter (6 meter til kvar side av ledningen).
- KS sak 067/97 – Reguleringsplan Gasskraftverk Kollsnes Reguleringsendring for Naturkraft AS sin plan forgasskraftverk på Kollsnes, basert på gass frå Trollfeltet.
- KS sak 059/98 - Reguleringsendring for Gassrørledning frå Kollsnes til Osundet Regulering av ein 60 m brei korridor for gassrørledning mellom Troll Kollsnes og Osundet, samt endring av tekst i føresegnene.
- KS sak 115/98 – godkjenning av reguleringsplan for Vestprosess - Kollsnes til Sture Reguleringsplanen medfører at faresona knytt til kondensatledning i reguleringsplan for Kollsnes skal ha ei sikringsone på 50 m
- HBA sak 158/98 – Reguleringsendring for gassrørledning Kollsnes – Kollsnes næringspark;
- Justering av regulert sikringsone (jf KS 059/98), då traseen er trekt lenger mot nord.
- FUP040/02 – Reguleringsendring Kollsnes, pga Kvitebjørn Reguleringsendringa medfører ei faresone med radius 100 meter frå opning av landfallstunellen på Storholmen og ei 25 tryggleikssone til kvar side av gassrørledningen fram til regulert industriområde på land.
- KS070/07 – Godkjenning av reguleringsplan for delstrekning gassrørledning, Kollsnes – Mongstad
- Reguleringsplanen medfører at sikringsone langs gassrørledning mellom Kollsnes og Næringsparkern vert lagt inn i denne reguleringsplanen. 50 meter sikringsone til kvar side av gassrørledningen.

Skjermdump frå vedlagt søknadsbrev, datert 12. april 2019

Det vil i tillegg til ovannemnde endringar leggst til rette for anlegg for vidare elektrifisering av offshore-installasjonar i Nordsjøen. Dette er anlegg som i utgangspunktet handsamast etter energilova.



Avgrensning av planområdet ved oppstart. Vedlagt søknad syner godt kva som blir endringar i høve gjeldande plan (19910001).



Gjeldande plan for Kollsnes industriområde (planID 19910001)

Økonomiske konsekvensar:

Revidert reguleringsplan vil betre legge til rette for vidare drift og utvikling av Kollsnes-prosessanlegg og industriområde. Ny plan vil redusere behovet for utvikling gjennom ei rekke enkeltvedtak.

Miljøkonsekvensar:

Elektrifisering av sokkelen er ein stor miljøgevinst. Etablering av slike anlegg er i utgangspunktet ivareteke av energilova, men det vil vere veldig nyttig å sjå på heilskapen av tiltak gjennom ein oppdatert reguleringsplan.

Folkehelseperspektiv:

Folkehelse vil bli ivareteke i det vidare planarbeidet. Det er i utgangspunktet ikkje eit sentralt tema all den tid dette gjeld eit industriområde.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen vil alltid vere positiv til oppdatering av eksisterande planverk. Plan for Kollsnes industriområde er utdatert og etablert innanfor eit eldre lovverk. Innanfor industriområde er det i tillegg ei rekke etableringar som er gjort etter enkeltvedtak i ulike organ i kommunen. Det vil vere svært nyttig å kunne sjå desse heilskapleg i ein reguleringsplan.

Revidering av gjeldande reguleringsplan legg ikkje til rette for tiltak som utløyser krav om KU. Planrevideringa skal i hovudsak sikre at ny reguleringsplan som er i samsvar med utførte tiltak og bruk av området, samt leggje til rette for eventuelle framtidig elektrifisering av offshore-installasjonar.

Ny reguleringsplan for Kollsnes medfører at gjeldande reguleringsplan planID19910001 og reguleringsplan for Gasskraftverk planID19970002 vert oppheva. Områda som tidlegare var del av reguleringsplanen for Kollsnes er i vareteke i reguleringsplanar for områda eller i gjeldande kommuneplan (2016) sin arealbruk.

Vidare framdrift for planprosess er tenkt som følgjande: Etter vedtak om oppstartsløyve i UDS vert det varsla av arbeid med ny reguleringsplan for Kollsnes. Merknader som vert motteke til varsel om planoppstart vil verta kommentert og vurdert i utarbeiding av nytt planforslag. Forslag til ny reguleringsplan vert sendt med merknader til planoppstart sendt til Øygarden kommune for 1. gongs handsaming og offentleg ettersyn.

Rådmannen har følgjande innstilling til vedtak:

Innstilling til vedtak:

Utval for drift og samfunnsutvikling har vurdert Multiconsult sin søknad om å starte opp reguleringsendring for Kollsnes industriområde, på vegne av Equinor. Utvalet har og vurdert ny plangrense for reguleringsplanen.

Utvalet slutter seg til planavgrensinga og godkjenner søknad om oppstart. Varsling av oppstart av planarbeidet kan skje i tråd med § 12-8 i plan- og bygningslova.

Ved vedtak av ny plan (planID 20190002) skal følgjande reguleringsplanar opphevast:

- Reguleringsplan for Kollsnes industriområde, planID 19910001.
- Reguleringsplan for gasskraftverk, planID 19970002.

Behandling i Utval for Drift og Samfunnsutvikling (UDS) 14.05.2019:

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for Drift og Samfunnsutvikling (UDS) - 057/19

Utval for drift og samfunnsutvikling har vurdert Multiconsult sin søknad om å starte opp reguleringsendring for Kollsnes industriområde, på vegne av Equinor. Utvalet har og vurdert ny plangrense for reguleringsplanen.

Utvalet slutter seg til planavgrensinga og godkjenner søknad om oppstart. Varsling av oppstart av planarbeidet kan skje i tråd med § 12-8 i plan- og bygningslova.

Ved vedtak av ny plan (planID 20190002) skal følgjande reguleringsplanar opphevast:

- Reguleringsplan for Kollsnes industriområde, planID 19910001.
- Reguleringsplan for gasskraftverk, planID 19970002.

Siri Fahlvik Pettersen
Rådmann

Sven Selås Kallevik
Sakshandsamar

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev derfor ingen signatur.